

Fredag 24. mai vert det gjenhøyr med den amerikansk-fødde artisten, GIL EDWARDS i Dønhaugkjedlaren. Gil har vitja Dønhaug fleire gonger tidlegare, sist i 2010 og han har såleis fått mange tilhengarar her i kommunen

Han er ein fantastisk musikar og ein artist utanom det vanlege. Han kjem opphaveleg frå Oregon i USA, men har no slått seg ned i Ålesund-distriktet. Gil har gitt ut fleire CD-ar i ulike land, og er i dag ein av dei mest ettertrakta trubadurar i Norge.

Musikken til Gil spenner over eit vidt spekter, alt frå country/roots, til blues, rock, m.m. Han spelar både eigne låtar og coverlåtar med eigen tolkning. Gil kan spela det meste, og er difor også open for å oppfylle musikk-ynskjer frå gjestene.

Gil Edwards er kjend for å skapa utruleg god stemning der han opptrer, og er ein artist som absolutt bør opplevas "live".

Det vert sal av billettar i døra, men gjester kan og reservera plass på førehand. Dørene opnar kl. 21.00, med musikkstart kl. 21.30.

Me gjer merksam på at me for tida ikkje har betalingsterminal, så gjestene må ta med kontantar.

Meir info. På <http://www.dønhaug.no/>